



Innst. 189 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Dokument 8:10 S (2015–2016)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø, Karin Andersen og Ingunn Gjerstad om å opne for moglegheit til å erverve dobbelt statsborgarskap

Til Stortinget

Sammendrag

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til endringar i lov om statsborgarskap som opnar for dobbelt statsborgarskap. Reglane om tilbakekalling, krav om løysing frå anna statsborgarskap og tap av statsborgarskap må tilpassast dette nye prinsippet.
2. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til ei overgangsordning som sikrar at dei som har måtta seie frå seg sitt norske statsborgarskap som følgje av erverv av framandt statsborgarskap dei siste 5 åra, vert sikra høve til å få tilbake sitt norske statsborgarskap ved søknad, uavhengig av dei ordinære krava til opphaldstid i riket.
3. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag om å lempe på språkkrava til danske og svenske statsborgarar som søker norsk statsborgarskap.»

I dokumentet vert det vist til at forslaget har til føremål å sikre at utlendingar som søker om norsk statsborgarskap får høve til å oppretthalde sitt opphavlege statsborgarskap, samt at norske statsborgarar som søker statsborgarskap i eit anna land ikkje er

tvungne til å gje frå seg sitt norske statsborgarskap. Eit moderne demokrati bør ikkje tvinge frie menneske til å seie frå seg eit statsborgarskap dei har fått og ønskjer å halde på.

For mange med sterk tilknytning til fleire land er det tungvint og vanskeleg å skulle seie frå seg statsborgarskap, og forslagsstillarane er av den klare meining at høvet til å ha to statsborgarskap vil gjere livet enklare, integreringa betre og rettferds- og inkluderingskjensla sterkare for mange borgarar.

Stoda i andre land

Om lag halvparten av landa i verda tillet dobbelt statsborgarskap.

Noreg er eitt av svært få land der ein mistar statsborgarskapet ved søknad om framandt statsborgarskap, utan høve til unnatak.

Stoda i Noreg

Siste gongen Stortinget tok stilling til spørsmålet om dobbelt statsborgarskap var i innstillinga om lov om norsk statsborgarskap (statsborgerskapsloven), Innst. O. nr. 86 (2004–2005), jf. Ot.prp. nr. 41 (2004–2005). Til grunn for stortingshandsaminga låg innstillinga frå statsborgarlovutvalet (NOU 2000:32), der fleirtalet gjekk inn for at det skulle vere mogleg med dobbelt statsborgarskap. Dei konkluderte med at spørsmål knytt til stemmerett og valbarheit, verneplikt, høve til å yte vern og bistand i utlandet og tryggingssyn ikkje talar mot at folk skal kunne ha dobbelt statsborgarskap.

Nordmenn i utlandet

Moglegheit for dobbelt statsborgarskap vil ha stor praktisk nytte for norske statsborgarar som bur og arbeider i andre land.

Dobbelt statsborgarskap vil gjere det mogleg for denne gruppa å oppretthalde tilknytning og identitet i to land, og sikre at det er praktisk enkelt å flytte tilbake.

Praksisen i dag skapar også store problem for mange born med éin norsk og éin utanlandsk forelder.

Utlendingar i Noreg

Per 1. januar 2015 var det nær 670 000 innvandarar i Noreg ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB).

Det vert i dokumentet vist til at den årlege utviklinga i talet på overgangar til norske statsborgarskap naturleg nok i stor grad følgjer utviklinga for innvandring sju til ti år tidlegare. Når ein ser på den faktiske naturaliseringsraten, som seier noko om andelen av dei som i eit gitt år kan ta norsk statsborgarskap og faktisk gjer det, viser like fullt SSB-rapporten «Overgang til norsk statsborgarskap 1977–2011» at «tilbøyeligheten til å ta norsk statsborgarskap (naturalisering) ikke er like stor de senere årene som man kan få inntrykk av ved å se på antallet overgangar alene».

For forslagsstillarane står det klart at regelverket som tvinger søkjarar til å seie frå seg sitt gamle statsborgarskap er ein hovudgrunn til at mange let vere å søkje, trass i at dei fyller kriteriane. Dette er uheldig for integreringa, og hindrar tusenvis av menneske frå full og ikkje minst demokratisk deltaking i det norske samfunnet.

Meir lempelege krav til nordiske statsborgarar

Forslagsstillarane viser til at det er lang tradisjon for at det vert gjort enklare å få norsk statsborgarskap for søkjarar frå andre nordiske land.

Det bør etter forslagsstillarane sitt syn også bli lempa på språkkravet til borgarar frå Danmark og Sverige, som etter søknad ber om dobbelt statsborgarskap.

Det vert vist til dokumentet for nærare omtale av bakgrunnen for forslaget.

Komiteens behandling

Komiteen sendte i brev av 21. oktober 2015 representantforslaget til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet ved statsråd Solveig Horne for vurdering. Statsrådens uttalelse følger av vedlagte brev av 23. november 2015.

Komiteen avholdt 19. januar 2016 åpen høring i saken. Advokatforeningen, Juss-Buss, Antirasistisk senter, MiRA-senteret, Ja til dobbelt statsborgarskap, Tyrkiske foreningens landsorganisasjon, Nordmannsforbundet, Foreningen Norden Norge, American Women's Club of Oslo og Aksjonsgruppen Rett-

ferdig statsborgerordning for barn deltok på høringen.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, fra Høyre, Bjørn Erik Hollevik, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur og Ingjerd Schou, fra Fremskrittspartiet, Mazyar Keshvari og lederen Helge André Njåstad, fra Kristelig Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, fra Senterpartiet, Heidi Greni, fra Venstre, André N. Skjelstad, og fra Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, viser til Representantforslag 10 S (2015–2016) om å åpne for mulighet til å erverve dobbelt statsborgarskap, om å gi dette tilbakevirkende kraft i fem år for de som har sagt fra seg sitt norske statsborgarskap for å erverve annet statsborgarskap, og om å lempe på språkkrav til danske og svenske statsborgere som søker norsk statsborgarskap.

Komiteen viser til at innføring av prinsippet om dobbelt statsborgarskap i statsborgerloven ble behandlet i Stortinget i 2005 med bakgrunn i Ot.prp. nr. 41 (2004–2005). Dette ble da avvist av flertallet. I komiteens merknader begrunnes dette slik:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, viser til at statsborgerskapet gir viktige rettigheter og plikter, og flertallet mener det er prinsipielt uheldig dersom den enkelte har slike plikter og rettigheter i mer enn én stat. Etter flertallets mening bør spesielt retten til deltakelse i nasjonal politikk innebære at det bør være klart hvor den primære politiske lojaliteten ligger.

Flertallet er kjent med at dobbelt statsborgarskap kan skape problemer i forhold til å gi den diplomatiske beskyttelse som norske borgere har krav på. Flertallet viser til at dette er spesielt vanskelig når det gjelder problemer borgeren kan møte i sitt annet hjemland. Flertallet viser til at det er spesielt viktig at norske myndigheter har mulighet til å gripe inn og gi beskyttelse i tilfeller der barn blir utsatt for tvangsekteskap under opphold i foreldrenes opprinnelige hjemland.

Flertallet vil ut fra en helhetsvurdering støtte Regjeringens forslag om at prinsippet om ett statsborgarskap videreføres.»

Komiteen viser til at komiteens høring i Stortinget 19. januar 2016 viste bred støtte til forslaget om dobbelt statsborgarskap. En hovedbegrunnelse var at dette er praksis i de andre nordiske land og de fleste vestlige land. Videre ble det framhevet at den norske statsborgerloven gir størst utfordringer for personer med norsk bakgrunn som oppholder seg

lenge i utlandet på grunn av arbeid eller familieetablering. En stor andel utlendinger som søker om norsk statsborgerskap, gis unntak på grunn av at de ikke blir løst fra sitt opprinnelige statsborgerskap.

Komiteen viser til statsrådets brev til komiteen hvor hun ikke tilrår forslaget om å endre prinsippet om ett statsborgerskap. Statsråden viser dessuten til at nordiske borgere som forstår det norske eller samiske språket, ikke er omfattet av gjeldende språkkrav i statsborgerloven. Dette betyr at forslag 3 i representantforslaget er dekket av gjeldende norsk rett.

Komiteen mener at eventuelle endringer i statsborgerlovens bestemmelser om prinsippet om ett statsborgerskap må baseres på en offentlig utredning og en bred høringsprosess.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, viser til at det er over 15 år siden forhold knyttet til dobbelt statsborgerskap ble utredet. Siden den gang er verden blitt mer globalisert, noe som byr på både muligheter og utfordringer. Økende migrasjon over landegrensene fører til at mange føler tilknytning til flere land, og i dagens globaliserte verden er det mange som lever sine liv i flere land. Komiteens høring synliggjorde at en åpning for dobbelt statsborgerskap vil løse praktiske og følelsesmessige utfordringer både for enkelte av de som innvandrer til Norge og for nordmenn som utvandrer eller lever livene sine i flere land. Dette må likevel vektas mot de negative konsekvenser en åpning for dobbelt statsborgerskap vil kunne ha.

Et annet flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Venstre, viser til at dagens lov om ett statsborgerskap kan oppleves som vanskelig for enkelte barn av foreldre med statsborgerskap i ulike land. Under komiteens høring påpekte Aksjonsgruppen for rettferdig statsborgerordning at et norsk barn med bare én norsk forelder kan miste sitt norske statsborgerskap hvis den ikke-norske forelderen utøver sin rett til å gi barnet sitt arvede statsborgerskap, og at dette kan skje uten at den norske forelderen samtykker. Aksjonsgruppen påpekte også at norsk praksis gir ulike rettigheter til barn i samme familie dersom barna er født i forskjellige land.

Dette flertallet viser til at utviklingen i Europa har gått i retning av at stadig flere land har tillatt dobbelt statsborgerskap. En av årsakene til dette kan være at Europarådet i sin konvensjon av 6. november 1997 har forlatt holdningen om at dobbelt statsborgerskap er uheldig og at partene nå står fritt i dette spørsmålet. Av de nordiske landene inn-

førte Sverige dobbelt statsborgerskap i 2001, Finland og Island i 2003 og Danmark i 2015.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Senterpartiet, understreker også at en mer globalisert verden har endret kriminalitetsbildet, og endringer i statsborgerloven kan utfordre norske myndigheters mulighet til å beskytte egne borgere. Dette kan særlig gjøre seg gjeldende dersom barn av foreldre med ulikt statsborgerskap blir utsatt for barne bortføring eller i tilfeller av tvangsekteskap og konedumping i andre land. Dobbelt statsborgerskap kan dermed svekke norske myndigheters mulighet til å beskytte norske borgere som også er statsborgere i et annet land. I en tid der kriminalitetsbildet også er blitt mer internasjonalsert, med blant annet en økning i organiserte kriminelle og fremmedkrigere, kan doble statsborgerskap gjøre det krevende å få utlevert borgere som har begått eller som har planer om å begå alvorlig kriminalitet. Mulighetene for rettslig forfølgelse kan på den måten i flere saker bli redusert.

På denne bakgrunn fremmer flertallet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan hovedregelen om ett statsborgerskap slår ut i praksis i en mer globalisert hverdag, blant annet for arbeidsmuligheter og sikkerhets- og kriminalitetsbildet, og eventuelle behov for endringer i statsborgerloven som følge av dette. Regjeringen bes også vurdere om endringer i andre lover kan avhjelpe situasjonen for dem som i dag opplever ulemper ved prinsippet om ett statsborgerskap, fremfor å endre statsborgerloven. En utredning må også inneholde en vurdering av hvilke konsekvenser en eventuell åpning for dobbelt statsborgerskap vil ha for plikter og rettigheter i Norge.»

Komiteens medlemmer fra Venstre og Sosialistisk Venstreparti viser til at det er mer enn ti år siden sist Stortinget tok stilling til spørsmålet om dobbelt statsborgerskap og at internasjonaliseringen i samfunnet har skutt fart etter dette. Det vises i den forbindelse til at land som Belgia, Tyskland og Danmark siden den gang har åpnet for dobbelt statsborgerskap, og at Norge nå er det eneste landet i Norden som ikke tillater dobbelt statsborgerskap. Disse medlemmer viser også til at flertallet på Stortinget gikk imot statsborgerlovutvalgets klare anbefaling.

Disse medlemmer viser til at forslaget om å åpne for mulighet til å erverve dobbelt statsborgerskap, fikk full tilslutning i høringsrunden. Disse medlemmer vil særlig vise til uttalelse fra Advokatforeningen om at de fleste land det er naturlig å sammenligne seg med, har dobbelt statsborgerskap,

og at dagens ordning således er et særnorsk fenomen. Advokatforeningen mener forslaget vil rette opp en skjevhet i vårt system og legge bedre til rette for mennesker med tilknytning til to land. Disse medlemmer viser i denne forbindelse til at dobbelt statsborgerskap tillates i våre naboland Danmark, Sverige, Finland og Island. Norge er således det eneste land i Norden som ikke tillater dobbelt statsborgerskap.

Disse medlemmer vil videre vise til Advokatforeningens understreking av at dagens lovgivning innebærer at barn med foreldre med ulikt statsborgerskap i praksis fratras muligheten til dobbelt statsborgerskap i strid med lovens forutsetning, at mange familier som er bosatt i Norge avstår fra å søke norsk statsborgerskap og at dette hemmer integrasjonen. Disse medlemmer viser i den forbindelse til høringsuttalelse fra American Women's Club of Oslo, som fremhever at det er ikke ubetydelige kostnader knyttet til å si fra seg sitt amerikanske statsborgerskap og at en aldri vil få mulighet til å gjenerverve sitt statsborgerskap på et senere tidspunkt.

Disse medlemmer viser til at Advokatforeningen også vektlegger at en mulighet for dobbelt statsborgerskap vil frigjøre ressurser hos utlendingsmyndighetene, som i dag bruker store ressurser på å behandle søknader og utøve kontroll med at loven etterleves.

Disse medlemmer viser til at et bredt flertall i det såkalte statsborgerutvalget (NOU 2000:32) gikk inn for dobbelt statsborgerskap som grunnleggende prinsipp. Et mindretall på én gikk i mot forslaget. Utvalgets flertall understreket at en generell aksept av dobbelt statsborgerskap kan kombineres med strenge vilkår for å få norsk statsborgerskap. Det er således ingen motsetning mellom å være for dobbelt statsborgerskap og støtte strengere regler for norsk statsborgerskap. Det vises i den forbindelse til at både Danmark, Sverige, Tyskland og Finland har innført dobbelt statsborgerskap med brede politiske flertall av borgerlige og sosialdemokratiske partier.

Disse medlemmer viser til uttalelse fra Nordmannsforbundet/Norwegians Worldwide, som mener det må bli enklere for nordmenn å reise ut i verden og komme tilbake som fullverdige norske statsborgere. Mange nordmenn bor utenlands i perioder, i forbindelse med utdanning og jobb, og etablerer tidvis også familie i utlandet. Internasjonaliseringen er en styrke for Norge. Forbudet mot dobbelt statsborgerskap hindrer imidlertid mobilitet og står i veien for verdifull overføring av kompetanse og kunnskap mellom utreisenordmenn og det norske samfunnet.

Forbundet understreker at det å være statsborger gir rettigheter og plikter, og at det fremmer integre-

ring i samfunnet ved at man i større grad bidrar og engasjerer seg i det landet man bor i. For noen er det naturlig med en sterk tilknytning til to land, og forbundet mener lovverket i dag fremstår som vilkårlig og urettferdig, med sine mange unntak, der Norges egne statsborgere synes å komme dårligst ut. Det vises til at regelverket er i utakt med tiden vi lever i, og går på tvers av lovgivningen i samtlige land det er naturlig å sammenligne seg med. Norge er det eneste landet i Norden som ikke tillater dobbelt statsborgerskap.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

- «1. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til endringar i lov om statsborgarskap som opnar for dobbelt statsborgarskap. Reglane om tilbakekalling, krav om løysing frå anna statsborgarskap og tap av statsborgarskap må tilpassast dette nye prinsippet.
2. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til ei overgangsordning som sikrar at dei som har måtta seie frå seg sitt norske statsborgarskap som følgje av erverv av framandt statsborgarskap dei siste fem åra, vert sikra høve til å få tilbake sitt norske statsborgarskap ved søknad, uavhengig av dei ordinære krava til opphaldstid i riket.
3. Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag om å lempe på språkkrava til danske og svenske statsborgarar som søker norsk statsborgarskap.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti vil subsidiært stemme for romertall I i innstillinga.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Venstre og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til endringar i lov om statsborgarskap som opnar for dobbelt statsborgarskap. Reglane om tilbakekalling, krav om løysing frå anna statsborgarskap og tap av statsborgarskap må tilpassast dette nye prinsippet.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag til ei overgangsordning som sikrar at dei som har måtta seie frå seg sitt norske statsborgarskap som følgje av erverv av framandt statsborgarskap dei siste fem åra, vert sikra høve til å

få tilbake sitt norske statsborgarskap ved søknad, uavhengig av dei ordinære krava til opphaldstid i riket.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringa seinast hausten 2016 leggje fram forslag om å lempe på språkkrava til danske og svenske statsborgarar som søker norsk statsborgarskap.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

I

Stortinget ber regjeringen utrede hvordan hovedregelen om ett statsborgerskap slår ut i praksis i en

mer globalisert hverdag, blant annet for arbeidsmuligheter og sikkerhets- og kriminalitetsbildet, og eventuelle behov for endringer i statsborgerloven som følge av dette. Regjeringen bes også vurdere om endringer i andre lover kan avhjelpe situasjonen for dem som i dag opplever ulemper ved prinsippet om ett statsborgerskap, fremfor å endre statsborgerloven. En utredning må også inneholde en vurdering av hvilke konsekvenser en eventuell åpning for dobbelt statsborgerskap vil ha for plikter og rettigheter i Norge.

II

Dokument 8:10 S (2015–2016) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø, Karin Andersen og Ingunn Gjerstad om å opne for moglegheit til å erverve dobbelt statsborgarskap – vedlegges protokollen.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 3. mars 2016

Helge André Njåstad

leder

Heidi Greni

ordfører

Vedlegg

Brev fra Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet v/statsråden til kommunal- og forvaltningskomiteen, datert 23. november 2015

Vurdering av dokument 8:10 (2015-2016)

Eg viser til brevet dykkar av 21. oktober 2015 der de ber om vurderinga mi av representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø, Karin Andersen og Ingunn Gjerstad om å opne for moglegheit til å erverve dobbelt statsborgarskap.

Eg har merka meg argumenta til ovannemnde stortingsrepresentantar for å endre prinsippet om eitt statsborgarskap i lov 10. juni 2005 nr. 51 om norsk statsborgerskap (statsborgerloven). Det blir oppført som bakgrunn for forslaget at eit moderne demokrati ikkje bør tvinge frie menneske til å seie frå seg eit statsborgarskap dei har fått og ynskjer å halde på. Til dette vil eg seie at spørsmålet blei nøye vurdert før innføring av ny statsborgerlov i 2005, og eg meiner det er grunn til å halde fast ved vurderingane og konklusjonen som blei gjort den gongen.

Forslagsstillarane oppfører at det er vanskeleg å seie ifrå seg det tidlegare statsborgarskapet sitt ved søknad om norsk statsborgarskap. Her vil eg likevel understreke at det følgjer av statsborgerloven § 10 første ledd at: *Det kan gjøres unntak fra kravet om løsning dersom løsning anses rettslig eller praktisk umulig eller av andre grunner fremstår som urimelig.* Denne avgjerda gjer at det i mange tilfelle blir gitt unntak frå løysingskravet der det er vanskeleg for søkjaren å seie ifrå seg det tidlegare statsborgarskapet sitt.

Forslagsstillarane skriv at utviklinga internasjonalt har medført at prinsippet om eit statsborgarskap i stor grad er forlate, og meiner dette talar for at Noreg skal gjere det same. Her vil eg påpeike at òg ved innføringa av ny statsborgerlov var mange land som hadde prinsipp om dobbelt statsborgarskap, sjå punkt 4.2 .8 i Ot.prp. nr. 41 (2004–2005). Her går det fram at både Finland, Sverige og Island nyleg hadde forlate prinsippet om eit statsborgarskap. I punktet går det òg fram at ei rekkje andre europeiske land har prinsipp om dobbelt statsborgarskap allereie den gongen, men Noreg kom likevel til eit anna resultat.

Forslagsstillarane peikar på at i NOU 2000:32 gjekk eit fleirtal i statsborgarskapsutvalet inn for at det skulle vere mogleg med dobbelt statsborgarskap i Noreg. Fleirtalet i utvalet oppførde at fleire av argumenta mot dobbelt statsborgarskap tvert imot var argument for dobbelt statsborgarskap, til dømes høvet til å yte vern og bistand i utlandet. Forslagsstil-

larane meiner òg at argumentet om at ein skal unngå dobbel verneplikt ikkje er særleg relevant, sidan Noreg har gjort ei rekkje avtalar med andre land om avtening av verneplikt, grunna i omsynet til dei som av ulike årsaker har dobbelt statsborgarskap i dag.

Eg er kjent med at fleirtalet i statsborgarskapsutvalet vurderte det slik at det burde vere mogleg å ha dobbelt statsborgarskap i Noreg. Likevel konkluderte Bondevik II regjeringa med at statsborgerloven skulle byggje på eit prinsipp om eitt statsborgarskap, og dette forslaget vart vedteke av Stortinget. Eg kan ikkje sjå at forslaget frå ovannemnde stortingsrepresentantar inneheld vesentleg nye moment samanlikna med det som var kjent ved innføring av ny statsborgerlov for under ti år sidan. Forslagsstillarane peikar på at SSB-rapporten "Overgang til norsk statsborgarskap 1977–2011" viser at mange som har høve til å få norsk statsborgarskap lét vere å søkje på grunn av prinsippet om eitt statsborgarskap. Sjølv om desse tala ikkje fanst på tidspunktet då statsborgerloven blei vedtatt i 2005, så blei det lagt til grunn at mange vil avstå frå å søkje på grunn av prinsippet om eitt statsborgarskap. Dette går fram av punkt 4.2 .11 i Ot.prp. nr. 41 (2004–2005).

For meg er det viktig at statsborgarskap skal hengje høgt. Dette blei sist understreka i tilleggsnummer om auka asylankomster Prop. 1 S Tillegg 1 (2015–2016) der det går fram at regjeringa vil vurdere å fremje forslag om å heve botidskravet for å få statsborgarskap. Vi vil òg innføre krav om norskkunnskapar og bestått prøve i samfunnsfag, jf. Prop. 144 L (2014–2015). Statsborgarskapet er eit viktig symbol på tilhørsla, og viser lojalitet til det norske politiske fellesskapet og dei prinsippa som ligg til grunn for dette, og det bør vera klart kor den primære lojaliteten ligg. Konklusjonen min er derfor at eg ikkje tilrår representantforslaget om å endre prinsippet om eitt statsborgarskap.

Ein del av representantforslaget handlar om at det bør lempast på språkkrav for nordiske borgarar som søker norsk statsborgarskap. Her vil eg gjere merk-sam på punkt 6.3 i Prop. 144 L (2014–2015) som gir ei forklaring for at nordiske borgarar som forstår det norske eller samiske språket, korkje er omfatta av gjeldande språkkrav i statsborgerloven eller dei nye krava som blir føreslått i proposisjonen.

